



Gurine-slepet ved Skorpo klokka 22.15 (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Slepet av galeasen Gurine gjekk gjennom Storsund i kveld i 22-tida.
Det er brørne Hammerø frå Sunde som står
for slepet frå Sandviken i Bergen til Rosendal**

Turen starta i 12-tida idag og gjekk ned Langenuen før ein runda Huglahammeren og sette kursen opp Husnesfjorden mot Storsund.

Gurine er bygd som Hardangerjakt av JøraKnut,- den same som bygde den kjende polarskuta Gjøa. Fartyet er seinare forlengd til 72 fot og er i dag rigga som galeas.

Styret for Veneforeningen Gurine med Anders Jordal som leiar reiste til Bergeni dag tidleg. Dei saman med andre eldsjeler er med på slepet

Fartyet vert sett på land i fjæra nedom Rosendalstunet. Gurine er venta til kai i Rosendal i 23-tida i kveld.